



## Møteprotokoll for Eldrerådet

**Møtedato:** 11.09.2014

**Møtestad:**

**Møtetid:** 14:00 - 15:30

Marit Steinestø møtte som vara for Karstein Totland.

Rådgjevar Helga Elleingsen møtte for å orientera om sak om Seniorar og møteplassar

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Terje Myrvang		Utvalseiar
Bjørg Nordland		Medlem
Ragnar Hope		Medlem
Tove Kristin S. Tistel		Medlem
Marit Steinestø		Varamedlem

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Konsulent Gerd Allis Håheim som førte møteboka og rådgjevar  
Helga Ellingsen.

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2014	Kandidat til eldreprisen 2014
003/2014	Eldredagen i Masfjorden 1. oktober 2014 - markering
004/2014	Møteplassar for yngre seniorar - informasjonssak
1	Referatsak

## **001/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **11.09.2014 ELDRERÅDET**

Tove Kristin S. Tistel minna på at det som var sagt i førre møte om at ein måtte prøva å ha møte i eldrerådet i god tid før eldredagen.

Dette må ein få til seinare.

### **ER - 001/2014 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

## **002/2014: Kandidat til eldreprisen 2014**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Vert lagt fram utan tilråding.**

### **11.09.2014 ELDRERÅDET**

Leiar i eldrerådet Terje Myrvang orienterte om praksis i høve utveljing av kandidat til eldreprisen. Det går på omgang mellom Indrefjorden, Sørsida og Nordbygda når det gjelt val av kandidat. I år var det Nordbygda sin tur.

Myrvang opplyste om at Nordbygda pensjonistlag hadde valt Ingeborg Reknes som kandidat til eldreprisen. Grunngeving for dette vil bli ettersendt.

Eldrerådet vedtok samrøystes at Ingerborg Reknes får eldreprisen for 2014. Prisen vil bli utdelt på eldredagen 1. oktober.

### **ER - 002/2014 VEDTAK:**

Ingeborg Reknes får utdelt eldreprisen for 2014.

---

## **003/2014: Eldredagen i Masfjorden 1. oktober 2014 - markering**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **Drøftingssak**

### **11.09.2014 ELDRERÅDET**

Saka vart drøfta.

Frank Kvinge har jobba mykje med å sy i saman eit fint program til eldredagen. Dette var kopiert opp og delt ut i møtet.

Tove Kristin Sleire Tistel sa at ho hadde fått førespurnad frå nokre pensjonistar om ikkje eldrefesten kunne haldast på ein annan plass enn sjukeheimen, foreksempel i samfunnshuset. Grunngeving for dette var at ein då ville få med seg ein del yngre pensjonistar.

Myrvang sa at Nordbygda pensjonistlag hadde drøfta dette. Der var det stor semje på at eldrefesten framleis måtte haldast på sjukeheimen. På sjukeheimen er det meir lettvtint på alle måtar og det er og lettare for dei eldre som bur og delta på festen. Ein vil difor halda fram med å ha eldrefesta på sjukeheimen.

Informasjon om eldredagen vert teke inn på heimesida og fellesannonsen som kommunen har i avisa Strilen.

Sekretær tek ansvar for at det vert laga plakat som skal settast opp rundt i kommunen på butikkane, sjukeheimen og kommunehuset.

#### **Program for festen (utdrag):**

Festen startar kl. 13.00

Pris kr. 300,-pr person

Middag, kaffi og kaker

Kulturinnslag, song/musikk og allsong

Kåseri ved Fritjof Urdal

Utdeling av eldreprisen

#### **Påmelding til festen skal gå til:**

Håkon Torsvik tlf. 56367214

Bjørg Nordland Mob. 99028522 pr. 56365062

Ragnar Hope tlf. 56 365062

Påmeldingsfrist er 24. september.

### **ER - 003/2014 VEDTAK:**

Eldrerådsfesten vert halden 1. oktober 2014 på Masfjorden sjukeheim.

---

## **004/2014: Møteplassar for yngre seniorar - informasjonssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Vert lagt fram utan tilråding som ei informasjonssak..

### **11.09.2014 ELDRERÅDET**

Rådgivar Helga Ellingsen delte ut notat med informasjon i høve Møteplassar for seniorar. Tilbakemelding på at yngre seniorar jfr sakstittel kan oppfattast som splittande, sakstittelen er feil. Dette tiltaket er for seniorar og ikkje ei splitting mellom yngre og eldre seniorar.

Det vart ynskje om det kom ut informasjon om ulike aktivtietar for seniorar som finst i kommunen. Dette bør ein informere om både på heimeside og i Masfjordingen. Tove Kristin Sleire Tistel ytra ynskje om at det vart gjennomført ei undersøking til seniorane kva dei evt. kan bidra med og kva ynskje ein har i høve tilbod lokalt i kommunen.

### **ER - 004/2014 VEDTAK:**

Saka vart samrøystes teke til orientering.

---

### **1: Referatsak**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **11.09.2014 ELDRERÅDET**

Eldrerådet tok kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026 til vitring.

### **ER - 1 VEDTAK:**

Referatsakene vart teke til orientering.

---

**Rett utskrift av møteprotokoll for eldrerådet 11.09.2014 vert vitna:**

**Terje Myrvang  
Leiar**

**Gerd Allis Håheim  
skrivar**